

**Interesselaget Vangssago har mange støttespelarar frå Uskedalen, som ser fram til sommarkonserten på Vangssago laurdag. For dei mange unge lovande strykarane frå Uskedalen bør denne konserten vera ekstra interessant, og alle elevar i Musikkskulen får 75% rabatt på billettprisen, seier leiar Knut Førland til uskedalen.no**

- Til tross for usikre verprognosar legg vi opp til å kjøre arrangementet på Vangssago slik vi har gjort dei 6 føregåande år. Dei siste verprognosane indikerer lettare ver laurdag ettermiddag/kveld, og vi vonar at mange vil leggja vegen til Vangssago for å oppleva våre to kanskje mest talentfulle strykarar, som er frå Hedemarken

At dei spelar på to særst sjeldne og verdifulleinstrument gjer også konserten ekstra interessant. Mari Silje Samuelsen spelar på ein G.B. Guadagnini fiolin (1773), mens broren Håkon trakterar ein Francesco Rugiericello (Cremona 1687). Det å oppleva denne type instrument i ei lita bygd som Rosendal er heilt ekstraordinært, seier Førland.